

# Kvalitetsstyringssystem for



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-007 Drift av Miniheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Miniheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 04.03.2016	<b>Utarbeidet av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

## **A. Før heisane opnar:**

1. Møt opp minst **30 minutt** før heisane opnar. Sett deg godt inni prosedyren på førehand og gå igjennom sjekklista i løpet av dagen.
2. Alle vakter skal ha gul **refleksvest** og **radio** (kanal 1) for kommunikasjon med dei andre vaktene (sjekk frekvens på radio).
3. Tenn **lyset** i bakken dersom det er mørkt eller dårleg sikt. Dette gjerast i underetasjen på fjellheisbuda (ta kontakt på radio med ansvarshavende i fjellheis).
4. Flytt **skistativa** som står på plattung foran Varmestova ut på kanten av bakken (sjå arrangementsteikning i vedlegg 1).
5. Sjekk at wire for heisar er tatt ned frå **oppheng på stolpe** midt i bakken. Viss ikkje ta ned wire, og ta kontakt med ansvarshavende i fjellheis dersom du er usikker.
6. Sjekk at teknisk vakt har kontrollert **stoppsnorene** og **naudstoppbrytarane** ved avstiging på toppen av heisane. Snorene skal hengje fritt 50 cm over preparert trasé. Snorene skal sjekkast ved at ein fysisk bryt desse (ikkje berre dra ut kontakta). Frå stoppsnor til vendejul skal det vere maks. 1 meter frå wire til trasé.
7. **Sperrenett** skal settast opp i 90 gr. vinkel ved påstiging av miniheisane for å sikre nedbremsing før påstiging, samt ordne heiskøa. Se vedlegg 1.
8. Begge **heisane** skal normal sett gå. Heisane startast og stoppast inne i frå heisbuda. Det er også mogleg å stanse heisen frå naudstoppane ved på- og avstiging.

## **B. Under vakta:**

1. Stå alltid i nærleiken av **naudstopp**. Dvs. enten ved påstiging av Miniheis Vest (venstre trekk) eller inne i vaktbuda.
2. **Stans** skitrekke dersom nokon dett og vert hengande fast i heisen, eller at nokon som har falt ikkje klarar å kome seg bort frå heistraseen. Stopp også dersom nokon prøver å krype under skitrekka over til andre sida.
3. Følj med at ingen tuller i trekket og at dersom det er kø so køyrer alle **heilt ned** til køa før dei går på. Avvik skal påtalast.
4. Alle som har snøbrett skal ha **bakre fot laus** i heisen. Alle på snøbrett og telemark skal ha **sikkerheitsstropp**.
5. Sjekk at alle har gyldig **billett**. Billettar seljast i buda ved barneheisen.
6. Sjekk at **underlaget ved påstiging** er jamnast mogleg. Fyll i evt. hol og måk inn frå sidene på dersom det er lite snø eller vert ujamnt i løpet av dagen.
7. Det er **gratis kaffi og vaflar** for vaktene på Varmestova. Når du tek pause, ta kontakt med driftsansvarleg for å få ein erstattar.
8. Dersom nokon tek kontakt fordi dei ynskjer å hoppe på **big-air bag**, gje beskjed på radio om at dette slik at det kan kome ein vakt på bagen. Det skal ikkje hoppast på bagen utan eigen vakt.
9. Ver **tilgjengeleg, hjelpsam og vennleg**.

<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-007 Drift av Miniheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Miniheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 04.03.2016	<b>Utarbeidet av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

**C. Avslutning:**

1. **Ta ned sperrenett** og sett dette innfor gjerdet på Minitrekk Vest øvst med naudstoppbrytar.
2. **Stopp skitrekka** presis ved stengjetid. Det kan vere aktuelt å halde open lenger dersom det har vore problem med stengte heisar eller liknande i løpet av dagen. Dette skal i så fall varslast med oppslag og vere i samråd med teknisk vakt / ansvarshavande.
3. Før **dagbok**, fyll inn **sjekklister** og notér alle **forbetringsforslag**.
4. **Skistativer** skal flyttast inn på plattingen foran Varmestova slik at heile området fram til rekkverk mot Varmestova kan prepareras skikkelig.

**TA KONTAKT MED ANSVARSHAVANDE (VAKT I FJELLHEIS) DERSOM DU HAR SPØRSMÅL I LØPET AV VAKTA.**

# Kvalitetsstyringssystem for



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-007 Drift av Miniheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Miniheisane
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 04.03.2016	<b>Utarbeidet av:</b> Stein Bjørhovde
		<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme


## SJEKKLISTE MINIHEISAR

<b>A. Før heisane opnar:</b>	<b>Signer når utført:</b>	<b>Kommentar:</b>
A1. Oppmøte og prosedyrar		
A2. Bruk refleksvest og radio		
A3. Lys		
A4. Skistativ		
A5 Taua heng fritt		
A6. Stoppsnorer og naudstopp-brytarar		
A7. Sperrenett		
A8. Start begge heisane		.
<b>B. Under vakta:</b>		
B1. Stå alltid ved naudstopp		
B2. Stans skitrekket om nokon fell innafør eller går under		
B3. Gå på skitrekket i nederst		
B4. Bakre fot laus og sikkerheitsstropp		
B5. Sjekk billett		
B6. Sjekk påstiging		
B7. Pause		
B8. Vakt på big-bag		
B9. Ver hjelpsam		
<b>C. Avslutning</b>		
C1. Ta ned sperrenett		
C2. Stopp skitrekk		
C3. Skriv i dagbok, sjekklister og forbetningsforslag		
C4. Flytt skistativ		

**SIGNATUR:** \_\_\_\_\_ **Dato:** \_\_\_/\_\_\_-201\_ **Driftsdag nr:** \_\_\_\_\_

<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-007 Drift av Miniheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Miniheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 04.03.2016	<b>Utarbeidet av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

## VEDLEGG 1: ARRANGEMENTSTEINING



# Kvalitetsstyringssystem for



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-007 Drift av Miniheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Miniheisane
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 04.03.2016	<b>Utarbeidet av:</b> Stein Bjørhovde
		<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

## VEDLEGG 2: START OG STOPP AV TAUTREKK



<b>Dokumenttype:</b> Prosedyre	<b>Dokumentnavn:</b> P-007 Drift av Miniheisane	<b>Gjeld for:</b> Vakt i Miniheisane	
<b>Rev.nr.</b> 7	<b>Sist revidert:</b> 04.03.2016	<b>Utarbeidet av:</b> Stein Bjørhovde	<b>Godkjend av:</b> Arvid Remme

**VEDLEGG 3: HEKT NED WIRE**

**START ALDRI TREKKET  
FØR DU HAR FORSIKRA  
DEG OM AT WIREN ER  
HEKTA AV STOLPEN  
MIDT I TREKKET!!!**